

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADAR OG UTTALAR -  
PLANOPPSTART

<b>Plannavn</b>	Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra
<b>Arealplan-ID</b>	1256 2015 0002
<b>Saksnummer</b>	15/581
<b>Utarbeida av</b>	Opus Bergen AS
<b>Datert/Revidert</b>	25.03.19.

<b>Avsendar</b>	<b>Hovudpunkt i merknad / uttale</b>	<b>Forslagsstillar sine kommentarar</b>
Fylkesmannen i Hordaland, 4.5.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>Uheldig at planprogrammet vart send ut på høyring før KPA er endeleg vedteke. Legg til grunn at planarbeidet blir i samsvar med overordna plan.</li> <li>Kommunen særleg ansvar for at born og unge får plass i planarbeidet, jf. pbl § 5-1 andre ledd, samt innspel frå tugåande og andre besøkande.</li> <li>Lister opp 7 fleire retningslinjer som bør vere med i planprogrammet. Samt henviser til ny forskrift om KU, verknad frå 1.1.15.</li> <li>Tidlegare forslag til reguleringsplan for Midtmarka, planprogrammet lagt fram for MD, viser til MDs brev 14.8.2009, utdrag, legg til grunn at desse blir følgd: belyse verknader på strandsone, landskap og friluftsområde for dei ulike alternativa i KU. Kople friluftsliv mot tema landskap, strandsone og natur og kulturmiljø. Utgreie grundig korleis alternativa si fragmentering av naturlandskapet påverkar området sin verdi for friluftslivet. Avbøtande tiltak for å sikre rikeleg med grønstruktur mellom hovudinnfartsårene, byggeområda og friluftsområda. Bruke DN handbok 25 i vurdering friluftsliv.</li> <li>Friluftsområde på land og sjø, spesielt strandsona i Eidavika har svært gode kvalitetar i naturleg tilstand, må komme alle til gode. Minner om byggegrense mot sjø i kommande KPA. Hotell treng ikkje ligge i strandsona, bør behalde grønt belte i strandsona.</li> <li>Busetnad og senterstruktur: Meland vil avgrense folkevekst til 2,5 % dvs. om lag 150 nye bustader i året i heile Meland, planen opnar for 150 nye i året berre på Midtmarka, behov for desse i eit regionalt viktig friluftsområde. Viser til komande KA, planskildring: at hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til Frekhaug kommunesenter.</li> <li>Vurdere kva slags verknad utbygginga vil ha på Knarvik som regionalsenter. Meland kommune definert Flatøy som nærsenter: opptil 3000m2 samla bruksareal for detaljhandel.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje</li> <li>Tatt til følgje. Barn og unge vil få plass i planarbeidet og det vil i medverknadsprosessen og i planarbeidet bli tatt omsyn til turgåarar og andre som nyttar området.</li> <li>Tatt til følgje. Desse blir tatt med i planprogrammet.</li> <li>Tatt til følgje. Planprogrammet tek omsyn til brevet frå MD, og vil bli følgt opp i KU-prosessen og er ytterlegare presisert i planprogrammet.</li> <li>Tatt til følgje. Eidavika sine kvalitetar skal bli tatt vare på. Når det gjeld byggegrensa mot sjø er dette noko som skal vurderast i planprosessen, men ålmenta skal ha tilgang til heile strandsona.</li> <li>Ikkje tatt til følgje. Det vil ta nokre år før det kjem til bustadbygging i Midtmarka. Det er eit overordna mål å få til ein konsentrasjon av bustadbygging i aksa Knarvik – Frekhaug. Der ligg Midtmarka særst gunstig til tett på E39 og eit godt utbygd kollektivtilbod.</li> <li>Tatt til følgje. Dette vil bli vurdert i planutgreiinga. Midtmarka skal ikkje konkurrere med Knarvik, men byggje oppunder utviklinga der. Når det gjeld nærsenter, er målsetjinga med planarbeidet å leggje til rette for både omfattande bustadbygging og næringsutvikling. Då vil det vere trong for både mindre detaljhandel og anna tenesteverksemd.</li> <li>Tatt til følgje. Det er i målsetjinga for planarbeidet presisert at utviklinga av eit regionalt senter skal skje i samsvar med Regional plan for attraktive senter i Hordaland.</li> <li>Tatt til følgje. Planlegginga skal leggje til rette for ny bru mot Knarvik. Dagens bru er eit stengsel for kontakt mellom Flatøy og Knarvik både for fotgjengarar og syklistar. Ny bru som sikrar fotgjengarar og syklistar tilgjenge er avgjerande for samankopling mellom Knarvik og Flatøy</li> <li>Tatt til etterretning.</li> <li>Tatt til følgje. Flatøy skal tilby eit differensiert bustadtilbod som og flyktningar kan nytta.</li> <li>Tatt til følgje. Tema barn og unge er teke inn som eige tema i KU-utgreiinga.</li> <li>Tatt til følgje. Dette er tatt omsyn til under to KU-tema</li> <li>Tatt til følgje. Alle innspela i dette punktet i merknaden høyrer med til det ein normalt skal gjere i samband med ROS-analyser og vil bli tatt omsyn til i det analysearbeidet som skal gjennomførast,.</li> <li>Tatt til etterretning. Det er eit ønske å samarbeide med Fylkesmannen i</li> </ol>

	<p>Ta omsyn til dette.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>8. Målet i planprogrammet om felles strategi for kommunesenter i framtida treng vurdering forankra i Regional plan for attraktive senter i Hordaland.</li> <li>9. Vurdere kva belastning utbygginga får på bruene. Bru som stengsel for mjuke trafikantar. Viser til SRSBAT: kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehov, klima- og miljøvenlege transportformer.</li> <li>10. Positivt med bustader i Rotemyra.</li> <li>11. Planlegge for differensiert busetnad for å oppnå mål om rask busetting av flykningar.</li> <li>12. KU: stiller spørsmål ved at ein ikkje skal ha KU for temaet born og unge når ein opnar nytt område for utbygging til bustader. Sikre oppvekstmiljø jf RPR barn og planlegging.</li> <li>13. Viktig å gjere greie for helsa i befolkninga og fordeling av helse jf KU-forskrifta. Fremme helse gjennom planlegging.</li> <li>14. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. TEK10 definerer akseptabel risiko for flaum og skred, dei andre akseptkriteria må definerast av kommunen minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone og krav til risikoreduserande tiltak i føresegnene.</li> <li>15. miljokommune.no for tips. FM stiller gjerne på møte for å avklare vesentlege regionale og nasjonale interesser for å sikre god framdrift.</li> </ol>	<p>planprosessen.</p>
<p>Hordaland Fylkeskommune</p> <p>Datert 30.7.2015</p> <p>(Merknad kom inn etter at fristen var gått ut)</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planprogrammet vert vurdert til å vere grundig og tilstrekkeleg til å få dekkja naudsynte utgreingar og kunnskapsgrunnlag for planarbeidet.</li> <li>2. I følgje befolkningsprognosar vil Bergensområdet ha stigande folketal fram mot 2030. Forslag til Regional areal- og transportplan som no er på høyring viser til at denne veksten bør bli nytta til å styrke regionsentera omkring Bergen. På denne bakgrunn er det definert regionale vekstsonar omkring desse sentera. Flatøy er ein del av vekstsona omkring Knarvik. Meland kommune bør gjennom planarbeidet finne ei god balanse mellom kva vekst dei legg til rette for i kommunesenteret Frekhaug og i vekstsona på Flatøy. Utviklinga må og bli sett i samanheng med utviklinga av regionsenteret Knarvik.</li> <li>3. Areal innanfor dei regionale vekstsonene bør bli planlagt med høg utnyttingsgrad og høgast der det er gangavstand til kollektivhaldeplassar.</li> <li>4. Området bør og dimensjonerast slik at det ikkje vert ei konkurrent til Knarvik eller Frekhaug, men blir eit nærsenter som vil supplere dei andre sentera.</li> <li>5. Utbygginga i planarbeidet må ta omsyn til friluftslivsområde</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til etterretning.</li> <li>2. Tatt til følgje, planframlegg og KU ser på samanhengar med nærområda i Frekhaug og Knarvik</li> <li>3. Tatt til følgje, framlegget er bygd opp kring prinsipp om gangavstand til felst mogleg funksjonar, i den så-kalla 10-minutarsbyen</li> <li>4. Tatt til følgje, areal til detaljhandel er redusert som følgje av dette omsynet</li> <li>5. Tatt til følgje. Friluftsliv er og utgreia i KU format</li> <li>6. Tatt til følgje, planframlegget er utforma med fokus på mellom anna landskapstilpassing</li> <li>7. Delvis tatt til følgje, omsynssonar og bandleggingssonar er tatt inn i plankart. Eitt kulturminne er foreslått lagt utanfor omsynsona.</li> <li>8. Tatt til følgje i KU</li> <li>9. Tatt til etterretning</li> <li>10. Tatt til følgje. Mobilitetsplan og planskildring utdjupar.</li> <li>11. Tatt til etterretning</li> </ol>

- for Midtmarka med verdi B – viktig og Håøyna med verdi A – svært viktig, og legge til rette for bruk av friluftsområda.
6. Det er viktig at ein byggjer landskapstilpassa for at ikkje utbygginga skal bli for dominerande og endre landskapskarakteren vesentleg
  7. Verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast. Registrert 7 automatisk freda steinalderbuplassar i planområdet, bør vert vist i plankartet som omsynssone H730 med ei større omsynssone H570. Dersom overordna arealbruk ikkje gir lokaliteten på Langaneset (Askeladden id.107919) tilstrekkeleg vern, kan det i dette tilfellet vurderast å søkje Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova § 8.4. Ved arkeologiske registreringar i 2008 vart det også påvist 2 steinalderbuplassar på Håøya (Askeladden id. 121540 og 121541), rett utanfor plangrensa i nordvest. Desse kulturminna må det også takast omsyn til i den vidare planprosessen.
  8. I konsekvensutgreiinga må kulturminna skildrast, og konflikten mellom byggeområde og kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. Eventuelle avbøtande tiltak bør drøftast.
  9. Bergens Sjøfartsmuseum kjenner ikkje til marine kulturminne som per i dag kan bli direkte råka av tiltak i området, men det er potensiale for funn av verna/automatisk freda kulturminne på sjøbotnen. Sjøfartsmuseet kjem til å krevje undersøkingar når planen kjem på høyring, pga. potensiale for skipsfunn /andre marine/maritime kulturminne i tiltaksområdet. Ber tiltakshavar ta direkte kontakt m/museet i høve til gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil utarbeide budsjett for registreringane, som dei må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.
  10. Ut frå folkehelse- og trafikktryggleiksomsyn er det viktig at kommunen satsar på utbygging av gang- og sykkelveg. Generelt bør det leggjast opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne utførast med sykkel (3 km), og at målpunkt for barn og unge skal kunne nåast med sykkel. Det grunn til å merke seg at den konkrete planen i Midtmarka har kortare avstand til Knarvik kai enn dagens bussterminal på Flatøy. Innanfor planområdet er det gang- og sykkelavstand til Knarvik som regionsenter og endepunkt for hurtigbåten til Bergen.
  11. I vidare planarbeid må kommunen konferere med Hordaland fylkeskommune/ Skyss for ev. framtidige haldeplassar for buss langs E-39 i planområdet, samt ev. ny busstrase inn i planområdet i Midtmarka.

Statens vegvesen, 27.4.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planarbeidet i samsvar med overordna planar og føringar for arealpolitikken, viktig planområde for SVV, då E39 går over Flatøy. Ta omsyn til vegen gjennom området, legge til rette for lågt transportbehov og at mest mogleg av naudsynt transport kan skje som gåing, sykling og kollektivtransport.</li> <li>2. Har innspel til mindre endringar i planprogrammet: Side 15: Siste avsnitt om «kommunikasjon» bør formuleringa <i>Statens vegvesen har planar om (...)</i> endrast til <i>Statens Vegvesen har utarbeida skisser for (...)</i></li> <li>3. Side 33: Etter deira vurdering trong for støyfagleg utgreiing, då store delar av planområdet er dekkja av raud og gul støysone langs E39. Kjend kunnskap, og planprogrammet bør endrast slik at det kjem eintydig fram.</li> <li>4. Side 34: Ved planlegging og utbygging av vegnettet skal arealbruk og vegfunksjonar vurderast i eit 20 års perspektiv etter vegopning, ikkje 15 år slik det står, bør rettast opp.</li> <li>5. Side 18 om: at vegplanlegginga krev spesialistkompetanse, føreset at det faglege arbeidet knytt til vegplanlegginga vert gjort av plankonsulent, SVV vil kunne bidra med råd og innspel, men ikkje eigne ressursar særskilt avsett til dette.</li> <li>6. Medverknad: Ser fram til vidare samarbeid med Meland kommune om planlegging av ny infrastruktur og utbygging på Flatøy.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Det skal takast omsyn til vegen i planarbeidet, og det skal leggjast til rette for lågt transportbehov der fotgjengarar og syklistar vert prioriterte.</li> <li>2. Tatt til følgje. Framlegg til endringar i planprogrammet frå Statens vegvesen er lagt inn i planprogrammet.</li> <li>3. Tatt til følgje: Planprogrammet er retta opp.</li> <li>4. Tatt til følgje</li> <li>5. Tatt til følgje. Det faglege arbeidet knytt til vegplanlegging vil bli utført av plankonsulent med naudsynt kompetanse for planlegging av veg og skje i samarbeid med Statens vegvesen.</li> <li>6. Tatt til etterretning.</li> </ol>
Kystverket Vest, 9.4.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planområdet ligg for det meste på land, ikkje under Kystverkets ansvarsområde. Ved planlegging i sjø må det takast omsyn til sjøverts ferdsle, ikkje planlegge tiltak/aktivitetar som kan komme i konflikt med framkome i farvatnet.</li> <li>2. Bilet ved Hagelsundbrua. Noverande bro har 50 meter seglingshøgde. Kystverket må involverast i tidleg fase av planlegging av ny bro.</li> <li>3. I sjøkartet for område, er innteikna eit ankersymbol i Flatøyosen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Omsyn til sjøverts ferdsle vil bli tatt omsyn til i planlegginga.</li> <li>2. Det er ikkje aktuelt å planleggje bru, men Statens vegvesen har utarbeidd skisser for fire felts E39 over Flatøy med tilhøyrande bru over Hagelsundet som det må takast omsyn til i planarbeidet. Det vil vere Statens vegvesen som planlegg bru over Hagelsundet.</li> <li>3. Tatt til etterretning.</li> </ol>

NVE, 30.4.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kraftleidning i regionalnettet gjennom planområde, unnateke pbl då den treng konsesjon etter energilova. Mindre leidningsanlegg innanfor området kan settast av i plankart som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.</li> <li>2. Skråningar mot Hagelsundet aktsemdsområde i NVE Atlas snøskred og steinsprang: Dersom ikkje regulering til utbygging, ikkje naudsynt å kartleggje reell skredfare. Då nytte aktsemdskarta til å avgrense omsynssoner, jf. pbl. § 11-8 a i plankart. Skråningar med høgdeforskjell 20 – 50m må kartleggast særskilt. Syner elles til NVE retningsline 2/2011 «flaum og skredfare i arealplanar».</li> <li>3. Oppmodar om ikkje inngrep i tjørn og bekkar. Ev. gjere greie for ålmenne interesser til vassressursen, og korleis inngrepet påverkar desse, eks.: fiskens frie gong, ålmenne ferdsel, naturvern, jordvern osb. Og avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Kraftleidningane er registrerte og vil bli teke omsyn til i planlegging. Høgspenteleidningar skal leggjast i bakken.</li> <li>2. Tatt til følgje. Det er ikkje aktuelt med utbygging i dette området.</li> <li>3. Delvis tatt til følgje. Ei omfattande utbygging av bustader og næringsverksemd vil få følgjer for både tjern og vassdrag, og noko utbygging vil føre til endringar. Ein vil så langt råd søke å unngå dette, men når det skjer, vil ein følgje tilrådinga som ligg i merknaden om avbøtande tiltak. Det er så langt ikkje kjent at det er ferskvassfisk i bekker eller tjern i planområdet.</li> </ol>
BKK 08.05.15	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Viser til at 132 kV kraftleidning som kryssar planområdet er unnateke pbl. Med unnatak for kap. 2 og 14. Kraftlina skal synast som omsynssone. Byggjeforbodet er 15 meter målt horisontalt til kvar side frå senter av lina.</li> <li>2. Ber om at det blir planlagt slik at leidninga ikkje må flyttast Dersom det skjer ligg det følgjande vilkår for flytting. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det må setjast av areal til ny trase</li> <li>- BKK Nett krev full kostnadsdekning</li> <li>- Traseen må gi BKK Nett minst like gode rettar som eksisterande trase.</li> <li>- Det vil bli stilt vilkår knytt til kva tid utkopling av lina kan skje i samband med flytting av trase.</li> <li>- Flytting krev endring i konsesjon frå NVE</li> </ul> </li> <li>3. Spenningsnivå på leidningsanlegg skal ikkje bli påført plankartet. Leidningar under bakken skal ikkje teiknast inn i plankartet.</li> <li>4. Viser til anna kraftleidningsnett på 22 kV dels i luftspenn og dels nedgrave. Byggjeforbodsona for luftspenn er 8 meter til kvar side målt horisontalt frå kraftleidninga si senterline. For jordkabel ein meter til kvar side målt horisontalt frå senter av kabelgrøfta.</li> <li>5. Minner om avstandskrav til nettstasjon på fem meter til brennbare flater og tre meter til ikkje brennbare flater.</li> <li>6. Skal kraftleidningar eller jordkablur flyttast må det setjast av trase.</li> <li>7. Det må setjast av areal til framtidig kraftforsyning i området. BKK ønskjer å bli kontakte før dette blir gjort.</li> <li>8. De er ønskjeleg at plass til nettstasjonar blir regulert for å hindre at det blir vanskeleg å finne ledig plass til dette i ein seinare fase.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering.</li> <li>2. Tatt til følgje. Dersom dette er aktuelt vil vi følgje dei føringane som er nemnde i merknaden.</li> <li>3. Tatt til følgje.</li> <li>4. Tatt til følgje</li> <li>5. Tatt til følgje.</li> <li>6. Tatt til følgje. Dersom det er aktuelt med flytting vil vi i samarbeid med BKK Nett finne alternativ trase.</li> <li>7. Tatt til følgje. Vi vil ha tett kontakt med BKK Nett når det skal setjast av areal til framtidig kraftforsyning. Det skal mellom anna utarbeidast plan for teknisk infrastruktur. I det arbeidet er BKK Nett ein viktig samarbeidspartnar.</li> <li>8. Nettstasjonar skal regulerast i detaljreguleringsplanar.</li> </ol>

Bergen og omland havnevesen 18.05.15	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ber om å få tilsend teikningar når desse er klare.</li> <li>Minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø og andre tiltak som kan påverke tryggleik og framkome i sjøområda krev godkjenning frå BOH.</li> <li>Gjer merksam på at det i Kvernafjorden og Hagelsundet er hovudlei for skipstrafikk og tiltak i sjø krev godkjenning frå Kystverket. Søknadsplikten må inn i reguleringsføresegnene.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje</li> <li>Tatt til følgje. Vi vil søke om naudsynt godkjenning dersom slike tiltak er aktuelle.</li> <li>Tatt til følgje. Vi vil søke naudsynt godkjenning dersom slike tiltak er aktuelle og ta krav til søknad inn i planføresegnene.</li> </ol>
NGIR, 8.4.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>Viktig med tilstrekkeleg areal for hentestad for opptil 2 dunkar per hushald, tilstrekkeleg bredde på og akseltrykk på tilkomstveg for renovasjonsbil. Hentestad i plant område, bør kunne snu ved hentestaden, alternativt ha gjennomkøyringsveg. Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.</li> <li>Gode rekkefølgjekrav. Utbyggingstakt slik at infrastruktur og kommunale tenester er på plass.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Planlegginga av avfallshandteringa vil skje i samarbeid med NGIR og det blir truleg lagt opp til fellesløysingar med nedgrave containerar for de ulike avfallsfraksjonane.</li> <li>Tatt til følgje. Dette vil bli innarbeidd i rekkefølgjekrava.</li> </ol>
Rune Tyssedal, Seimshovden 35, 5260 Indre Arna, <a href="mailto:runtys@hfk.no">runtys@hfk.no</a> , 28.4.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>At interessene til hytteeigarane i Skjeljevikaner blir tatt omsyn til med tanke på tilkomst og parkering, i arbeidet med utbyggingsplanane for Midtmarka på Flatøy. At ei eventuell utbygging ikkje gir dårlegare tilkomst og parkeringsmogelegheiter enn tilhøva har vore fram til i dag.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Det vil bli teke omsyn til hytteeigarane.</li> </ol>
Hilda Austegard, 19.9.14, sendt på ny 24.4.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>Gjeld Austegarden, gnr. 1 bnr. 12. Vist på kartvedlegg: Heile garden i dag definert som natur og landbruk. Juletreproduksjonsdrift under avvikling på det meste av garden. Meiner arealet er godt eigna til bustadbygging og bør endrast til det å arealplanen, ønsker det kan gjerast i denne generalplanperioden.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Gnr 1 bnr 12 ligg utanfor planområdet.</li> </ol>
Eva Næss, Hagelsundlia 7, 5918 Frekhaug, 6.5.15:	<ol style="list-style-type: none"> <li>Vist eksisterande hytteområde, 9 hytter, ingen strandlinje til rekreasjon, ber kommunen ta området med og inngå som del av bustadområde, Liten verdi i dag som hytteområde, lite brukt turområde, stien over Flatøy brukt som snarveg. Områda mot Håøya flittig brukt. Eigarane blir eldre, yngre generasjon vil ikkje ha hytter i sentrumsnære områder.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Ikkje tatt til følgje. Det er ikkje aktuelt å regulere hytteområda i planområdet til bustad.</li> </ol>
Audun Håland 7. mai 2015	<ol style="list-style-type: none"> <li>Folkehelse både psykisk og fysisk må stå sentralt ved planlegginga på Flatøy.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Tatt til følgje. Dette er eit tema i planarbeidet både knytt til helse og friluft..</li> </ol>

<p>Kristian Samuelsen, Flatøyvegen 62 7. mai 2015</p>	<p>1. Sjøbu på gnr 1 bnr 405 må takast omsyn til når det gjeld parkering og tilkomst. Det same gjeld for rettar på Skitnedalsneset.</p>	<p>1. Dette må ein ta med i detaljregulering for området.</p>
<p>Marie Morken og Arne Øi Hjelten 32, 5918 Frekhaug 7. mai 2015</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Flatøyosen/Midtmarka har stor og aukande verdi som friluftsområde, noko som og vil gjelda dersom Midtmarka vert bygd ut. Det er difor særst viktig at strandlinja og ei sone ovafor, så brei som råd er, vert sikra og verna mot utbygging.</li> <li>2. Det går i dag ei kraftlinje gjennom Midtmarka. Ved å flytta denne og/eller laga ein jord- eller sjøkabel, kan ei mogleg utbygging forskyvast meir mot aust. Strandlinja på vestsida av Midtmarka er brattare og det vil vera betre å bygga nærare strandlinja på denne sida.</li> <li>3. Flatøyosen er eigna for båtliv, og eit mindre anlegg for ikkje-motorisert båtsport (padling, roing, segling, osb) kan vera eit unntak når det gjeld bruk av strandlinja. Almenn tilgjenge til dette anlegget. Avgrensa tilkomsten med bil, unngå utvikling til marina.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Delvis tatt til følge. Strandlinja skal bli tilgjengeleg for ålmenta.</li> <li>2. Delvis tatt til følge. Det er forutsett at kraftleidningar i området skal leggast i jordkabel. Det ikkje aktuelt å byggje på austsida av Flatøy.</li> <li>3. Tatt til følge. Det skal utviklast eit båtsenter for ikkje-motorisert båtsport. Dette senteret skal ikkje utviklast mot marina.</li> </ol>
<p>Steinar Hansen, Frydenbølien 24 5056 Bergen, 4.5.15:</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Få linjer i kabel. For 22 kV kurant i samband med legging i vegskulder under utbygging, for 132 kV god effekt for Lindås (Knarvik) med sjøkabel frå Isdalstø til Holsnøy, og bonus for Håøy.</li> <li>2. Utvide planområdet i sjø på vestsida av Langaneset så Grønnesvikje blir innlemma for å kunne utgreie alternativ lokalisering av sjøsportsenter her. Dagens plassering kjem i konflikt med naturverdiar: låg vassutskifting, mudderbanker osv. Gjere gode marinbiologiske undersøkingar, spesielt for inste del av Flatøyosen mot aust og sør</li> <li>3. Støttar sterk fortetting i austre del av planområdet, og meir spreidd mot nord og vest, gjerne også bustad på sørsida av hovudveg.</li> <li>4. Låg vassutskifting i Skitnedalen (inste del av planområdet), bør kanalisere utslepp mot Kvernafjorden/ Hagelsundet.</li> <li>5. Søre Eidavikje einaste brukbare kasteplass/ låseplass for fiskeri, bør nyttast til dette formål.</li> <li>6. I dag 3 sjøbuer som alle er del av historia om fiskarkulturen på Flatøy, bør inn under planprogrammet for kulturminner.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følge. Kabling skal vurderast i planarbeidet</li> <li>2. Ikkje tatt til følge. Planområdet skal ikkje utvidast. Areal til sjøsportsenteret er sett av i framlegg til kommuneplan og ev. endringar må gjerast i samband med handsaminga av denne planen.</li> <li>3. Tatt til etterretning.</li> <li>4. Tatt til orientering. Dette skal vurderast i samband med planarbeidet.</li> <li>5. Sjå kommentar til merknad frå Fiskarlaget vest.</li> <li>6. Tatt til orientering. Desse sjøbuene vil bli registrerte og dokumenterte i samband med KU for kulturminner.</li> </ol>

<p>Bjørn T. Hesjedal, pva Meland idrettsråd, 6.5.15:</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. At planane for skole, barnehage, kultur og idrett ses i samanheng. Flatøy og nærområdet spesielt godt eigna for sjøsport. Padling, roing segling, manglar fast stad. Nordhordland padleklubb uavklart i høve til klubbhus og tilkomst sjø, ber om tilrettelegging for denne type aktivitet.</li> <li>2. NIF: bør være ein idretts-/ kulturhall per 5000 innbyggjar. Ta omsyn til behov for ny idretts-/ kulturhall i kommunen. Skulen kan nytte det på dagtid.</li> <li>3. Fotball største idrett i Norge, må saman med allsidig idrett prioriterast høgt. Høve til samarbeid mellom klubbane i regionen Sogndal har rundt 7000 innbyggjarar! Har noko å lære.</li> <li>4. Må vere langsiktig og dristig plan Kan bli kommunesamanslåing lenge før utbygginga er ferdigstilt.</li> <li>5. Byggje nytt stadion for fotball og idrett, kjøleelement i løpebanene til skøyteis. Varme frå nedkjøling til oppvarming av skole, idrettshall, fotballbane og boligar.</li> <li>6. Høve til friluftsliv må ikkje endrast av omsyn til folkehelse. Ønsker universell utforming og lys på turveggar.</li> <li>7. Nordhordlandsregionen har føresetnader for fleire regionanlegg: sjøsport, om mogleg også nasjonalt.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følge. Det skal leggjast til retta for desse aktivitetane jfr. framlegg til kommuneplan. Korleis dette vert løyst blir ein del av planprosessen.</li> <li>2. Kva for areal som skal settast av til idrettsføremål blir avklart i planprosessen.</li> <li>3. Tatt til etterretning.</li> <li>4. Tatt til etterretning.</li> <li>5. Sjå punkt 3.</li> <li>6. Tatt til følge. Det skal leggjast til retta for friluftsliv for alle. Det skal utarbeidast eigen plan for friluftsliv for området.</li> <li>7. Tatt til etterretning.</li> </ol>
<p>Nordhordland Padleklubb v/ leiar Audun Håland, 2.5.15:</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Folkehelseaspektet, avgjerande for framtidige statlege/ kommunale helseutgifter. Positiv effekt helse/ trivsel/ inkludering både for brukarar og dugnadskrefter. Samfunnsnytte mhp arealbruk til umotorisert sjøaktivitet. Utfordring: klubben sine fasilitetar utan tidfesta kontrakt.</li> <li>2. Det viste arealet i framlegget til kommuneplan for Flatøyområdet er unikt og uerstatteleg for NHP som framtidig sjøsportbase i Nordhordlandsregionen.</li> <li>3. I framlegget til arealplan for området er det i sjølina i Skitnedalsvika vist eit landareal på 35 daa for idrett og tilhøyrande areal i sjø på 19 daa. Naudsynt med eit slikt omfang med omsyn til den tunge og tette urbane utbygginga føreslege for Midtmarka elles.</li> <li>4. Sjøsportanlegget i Skitnedalsvika/ Flatøyosen: Fellesanlegg for motorfrie sjøsportaktivitetar som kajakk, standup, jollesegling, dykking og tilsvarande, samt eit fåtal organisasjonar med egne båtar. Viktig med parkeringsdekning, aller helst fleksibelt sambruk med andre.</li> <li>5. Økonomi/ refusjon/ rekkefølgjekrav: Har ikkje kapasitet til å bere egne utviklingskostnader. Formålstenleg at prosjektet vert lagt inn i utbyggjarar sine rekkefølgjekrav slik at anlegget blir ferdigstilt saman med hovuddelen av Midtmarka-utbygginga.</li> <li>6. Vidare planlegging: arkitektskisser i nært samarbeid med planlegginga for øvrig.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Det skal regulerast for dette føremålet i planen. Korleis anlegget skal finansierast må ein kome attende til.</li> <li>2. Sjå punkt 1.</li> <li>3. Sjå punkt 1. Arealomfanget må ein kome attende til i planarbeidet.</li> <li>4. Sjå punkt 1.</li> <li>5. Tatt til orientering Dette er meint som eit regional sjøsportsenter. Det er difor ikkje rimeleg å pålegge ein lokal utbyggar alle kostnader med opparbeiding av eit regional anlegg. Det vil i ein anleggsfase vere naturleg med eit tett samarbeid om utviklinga av senteret, der mellom anna vegframføring, sprenging og planering kan skje med bidrag frå utbyggar. Men utbygginga vil gå over minst 20 år etter at planen er vedteken. Sjøsportanlegget bør ha ambisjon om å vere ferdigbygd lenge før dette.</li> <li>6. Korleis den vidare planlegging skal skje og kva for samarbeidstilhøve som skal etablerast vert å kome attende til når det er vedteke ein prosess for dette arbeidet, men det vil vere naturleg med eit tett samarbeid med kommunen og utbyggar.</li> </ol>



<p>Flatøy bygdelag, 29.4.15: 5918 Frekhaug</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bed om å bli tatt med i plan for medverknad.</li> <li>2. At strandlinja blir ivaretatt for allmenn bruk (strandpromenade el.)</li> <li>3. Tilkomst til Håøya via gangsti gjennom uberørt natur.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje.</li> <li>2. Tatt til følgje</li> <li>3. Delvis tatt til følgje. Korleis ein framtidig gangsti/gangveg gjennom området skal plasserast slik at den også tek omsyn til krava om universelt tilgjenge må ein kome attende til. Men det er eit mål å leggje mest mogleg av tilkomsten gjennom urørt natur.</li> </ol>
<p>Fiskarlaget vest, v/ dagleg leiar Britt Sæle Instebo, 20.4.15:</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Områdeplanen: Naudsynt med nytt bustadområde med butikksenter mellom allereie etablerte senter Frekhaug og Knarvik? I høve fiskeriinteresser ikkje positivt med slik utbygging.</li> <li>2. I høve Fiskeridirektoratet sin kartdatabase registrert tre kaste- og låssettingsplassar, Sørø Eidavika (i nord), Skitnedalsvika og Marusviki (i sørvest), gyteområde og område for passiv reiskap i reguleringsområdet, jf. vedlagde kart. Kaste-/låssettingsplassane i Sørø Eidavika og Marusviki er tatt inn i plankartet i 2. gongs høyringa av KPA, medan området ved Skitnedalsvika er føreslege som småbåthamn. Fiskarlaget Vest finn å kunne «gje slepp på» den ved Skitnedalsvika <u>under føresetnad av</u> at dei andre, inkludert den i nordaustre del av planområdet, blir med i planen.</li> <li>3. Det må opplysast om gyteområdet og området som blir nytta til passiv reiskap og kaste-/ låsplassen i Marusviki i det vidare planarbeidet både i høve til bruk og slik at ein unngår forureining til området. Må informerast om at fiskeområda kan bli brukt om natta, slik at dei som buset seg i området er klar over det, og ikkje kjem med klage på støy/ bruk av lys.</li> <li>4. SM4 må ikkje hindre tilkomsten til kaste- og låsplassen der, viser til § 27 i Havressurslova ang fiske og ferdsle ved steng. Det må og med i føresegnene.</li> <li>5. Av kartet med søknaden er det ikkje teikna inn korleis ein har tenkt småbåthamna. Eventuelle fortøyingar til småbåtanlegget må avgrensast mest mogleg, og ein må hindre forureining frå småbåthamnområdet (legge til rette for oppsamling av farleg avfall m.m.)</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ikkje tatt til følgje. Det er avklart i overordna planlegging at dette området skal byggjast ut.</li> <li>2. Tatt til følgje.</li> <li>3. Tatt til følgje. Det skal informerast om dette. Reguleringsplanen vil likevel ikkje hindre at dei som måtte ønskje det klagar på både lys og støy.</li> <li>4. Utforming og plassering av småbåtanlegg skal avgjerast i detaljregulering.</li> </ol>
<p>Ungdomsrådet, 24.4.15:</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ser fram til å medverke i planarbeidet. Ber om fokus på småbarnsfamiliar. Behov for skule og tilrettelegging for gang/ sykkel og kollektivtransport, både regional og lokalt, ta vare på tursti til Håøya og friluftinteressene. Behov for kulturtilbod og legge til rette for trygt samfunn til lands og på sjøen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til følgje. Alle punkta nemnde i merknaden får ungdomsrådet vil det bli teke omsyn til i det vidare arbeidet. Ungdomsrådet er ein viktig partar i medverknadsprosessen.</li> </ol>

Fellesrådet, 16.4.15:	1. Gode rekkefølgekrav – utbyggingstakten må vere slik at infrastruktur og kommunale tenester er på plass.	1. Tatt til følgje. Det vil bli fremma slike rekkefølgekrav i planen.
-----------------------	--	---